

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.11.2014**

**Mona Hellesnes** sette på vegner av V, H, og Frp fram slikt forslag:

"Innstillinga, med slikt tillegg:

1. Fylkestinget ber Regionalt forskingsfond inkludere maritim sektor i sine prioriteringar.
2. Forskingsinstitusjonar må kunne søkje Regionalt forskingsfond på prosjekt som gjeld offentleg sektor utan at ein offentleg partner er med."

### **Røysting**

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vedtek Regional forskingsstrategi Hordaland 2015-2019.
2. Fylkestinget ber Regionalt forskingsfond inkludere maritim sektor i sine prioriteringar.
3. Forskingsinstitusjonar må kunne søkje Regionalt forskingsfond på prosjekt som gjeld offentleg sektor utan at ein offentleg partner er med.